



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:  
2015/081084-003

Dykkar referanse:

Vår dato:  
30.09.2015

### **Vedrørende avkøyrsløknad - gnr. 123 bnr. 9 - Risasjøen - Lindås kommune**

Statens vegvesen har motteke ein førespurnad om kva vegstyresmakt som skal handsame ein avkøyrsløknad i samband med søknad om frådeling av tomt til fritidsbustad.

Søknaden gjeld avkøyrsløknad frå eit utflytande kryssområde der fylkesveg 416 Risasjøvegen møter kommunal veg Risøyvegen. Det er uklart kvar i krysset fylkesvegen vert avslutta og den kommunale vegen byrjar. Slik krysset ligg i dag, er det vanskeleg å sjå at den private vegen har tilknytning til den kommunale. Både denne vegen (gnr. 123 bnr. 9) og eigedomen gnr. 123 bnr. 64 vurderer vi at per i dag har avkøyrsløknad direkte frå fylkesvegen.

Med bakgrunn i ei trafikkfagleg vurdering, ynskjer ikkje Statens vegvesen utvida bruk av avkøyrsløknaden slik det ligg i dag. Av omsyn til trafikktryggleiken bør kryssområdet strammast opp og tilretteleggast for eit meir trafiksikkert køyremønster. Det er særleg avkøyrsløsløysinga til gnr. 123 bnr. 64 vi vurderer som trafikkfarleg.

Vi har utarbeida ei skisse til korleis kryssområdet kan strammast opp og gjerast meir trafiksikkert (sjå vedlegg). Framlegget inneber at det vert tydlegare kvar fylkesvegen går over i kommunal veg, og at avkøyrsløknaden vert knytte opp til den kommunale vegen. Skissa viser sporing for buss gjennom krysset.

Statens vegvesen rår til at krysset vert stramma opp som vist i vår skisse, og at avkøyrsløknaden på vilkår av ei slik oppstramming vert handsama som søknad om utvida bruk av avkøyrsløknad frå kommunal veg.

Vi gjer merksam på at før kommunen kan gje igangsetjingsløyve til tiltak i kryssområdet der fylkesvegen inngår, må ein byggeplan for tiltaket vere godkjent av Statens vegvesen.

Plan og forvaltning - Bergen  
Med helsing




Odd Høydalsvik  
sjefingeniør






Unn Jenny Utne Kvam

2 vedlegg

Kopi: Randi MacPherson (ranma@statoil.com)



Teiknforklaring:

-  Avgrensing av krysset for fv/kv/pv., r=6m.
-  Privat avkøyrsel, r=4m.
-  Frisikt i kryss, 6x54m


-  Fylkesveg
-  Kommunal veg
-  Privat/felles veg

M.stokk: 1:500 i A4



Vedlegg kryss saksnr. 2015081084 gnr. 123 bnr. 9, Risasjøen i Lindås kommune





Teiknforklaring:



Avgrensing av krysset for fv/kv/pv, r=6m.



Privat avkøyrsel, r=4m.



Frisikt i kryss, 6x54m



Fylkesveg



Kommunal veg



Privat/felles veg

M.stokk: 1:500 i A4



Vedlegg spring saksnr. 2015081084 gnr. 123 bnr. 9, Risasjøen i Lindås kommune

